



Bodleian Libraries

UNIVERSITY OF OXFORD


This book is part of the collection held by the Bodleian Libraries and scanned by Google, Inc. for the Google Books Library Project.

For more information see:

<http://www.bodleian.ox.ac.uk/dbooks>



This work is licensed under a Creative Commons Attribution-NonCommercial-ShareAlike 2.0 UK: England & Wales (CC BY-NC-SA 2.0) licence.




I ~~55 of 25~~

Vet. Scand. III B. 20




~~Vet. Misc. II B. 8~~




✓ ~~55.f.25~~

Vet. Scand. III B. 20



~~Vet. Misc. II B. 8~~



Arnimund Christen Tunge f. 1818-47.

the most eminent of the Marstrand School.
who had to write in the peasant language of Norway.

His epic poem *Stavanger* (1842), is written in

the *Landmannsdialekt* or peasant dialect (compare

cf. J. Carstén's *Norwegian Grammar*.)

Storegut

av

A. O. Vinje.

Andre Upplaget.

Christiania 1868.

Forlagt av det norske Samlaget.

Trykt hjaa S. E. Larsen.



Det er ei sann Soga det, som stend i denne Boki, so nær som det, at Navnet paa ein og annan Mannen og Garden ero umbytte; for der liber enno Rærskyldingar av sume av desse Folk, og det trengst ikkje um aa saara desse Uskuldbige. Derimot er Storegut og Fader hans sette, som dei vaaro til, med rette Navnet og Alt; og Fader min kunde minnast deim baade tvo. Mangt er elles forgyllt og gjort større eller mindre, en det var. Det er nokot idealiserat; men Tilmaalet og Samhøvet eller Proportionarne er det strævat etter, liksom naar Maalaren gjerer Mannen større eller mindre, en han er skapt. Dette, at Soga er sann i sine store Drag, er det, som etter mi Meinung maa gjeva Diktet sitt meste Verd; for Smak og Stil skifta um, men historiske Grunnevene vara. Dette, som eg med eit Kunstord vil kalla den ethnographiske Beingrind, maa kvar Diktning og daa mest den sokallade „folkelege“ hava, um den skal liva lenger en den ofta falske Lidarsmak, som skapte den. Det er denne folkelege eller historiske Beinbygning, som me finna i alle poetiske Verk, som liva lenge, alt fraa Homer og vaare gamle Sogor ned til Walter Scott. Det er den, som stend atter, naar alt det andre er døytt burt. Det er av Livet sjølv, me maa faa vaare Grunddrag: det er det, som lyt dikta fyr os; og Almu-gen heve difyr i Grunnen Rett, naar han segjer um ei Soga

elber eit Dikt: „Ja, ja, det kan vera godt og væl altsaman, men det er ikkje sannt; ho lyg den Boki og ferer med Fantesi.“ — At eg elles ikkje tek denna Synsmaaten reint paa Ordet, maa ganga fram av det, som her uppe er sagt.

Det er no elles ikkje verdt at gilda seg meir av si historiske Sanning, en godt gjerer; for det er ikkje sagt, at eg skirt og klaart kan setja fram dette Folkeliv, med alt det at eg er oppfødd i det og høyrde det utmaalat av Fader min og andre gamle Folk; men at den utvordes Historie er sann, det veit eg.

Ja slikt var Livet upp i Thelemorki og vaare fleste Fjellदार alt til 1814. Det var i Grunnen ei Rebarettens Tid, og difyr var Styrke og Mannamod det, som stod i største Pris. Det menneskelige Samfund er so klokt, at det alltid ærar mest det, som det heve størst Bruk fyr. Med vaart nye Riksstell kom betre Rettargong, og ved ein større Lesnad og alt kom ein annan Tenkjemaate inn i Samfundet. Dette Gamle døyr meir og meir ut. Me kunna ynskja, at den gamle Visediktning f. Ex. livde enno, men det er raadlaust med det. Og her er Bot fyr det. Det er liksom med Maanen: han nører sig i den andre Enden, naar han sloknar i hin. Menner, som no ero uppe i Tanken av si Tid, dei setja i Likning med Guden Tor Enden av Hornet i dette Folkehav og sløkkja Torsten sin etter eit meir folkelegt Maal og eit sterkare og meir poetisk Liv i det Heile.

Eg var fraa fyrst av meint paa aa hanka mange Songar inn paa Sambandsstraaden i denne Soga, men eg vardt under Bertet rædd fyr, at den „episke“ Sammanheng ved dette skulde slakna væl myket; og det er ikkje fritt fyr, at den heve gjort det og i fyrste Halvparten av Diktet. Men seer eg, at eg kunde hava gjort meir av detta, so skal eg sidan gjera det; for det vilde vera likso historisk sannt, som høvelegt fyr meg, aa leggja mange Visor og Stev i Munnen paa han „Dlaf sjølv,“ som

etter alt det, eg høyrde gjetet og kjenner, var ein av dei sidste kringfarande Bisedikttrar og Songarar i det viserike Telemork. Eg maa tru, at der er sume av hans Bisor i Landstads og Bugges Samlingar, og der er likeins ei um daa Hulbri kom til Storegut paa Felegret, men den er visst av ein annan; truleg av ein Skulemeistare i den seinare Tid.


Fyrste Halvpart og der utyver av denne Storeguten kom ut i Dølen; men eit og annat av dette er umgjort og umsett og javnat til ein betre Sammanheng.

Eg torde ikkje annat en setja sume Ordtydningar her sidst i Boki. Eg heve sovidt mogeleggt gjenget av Begen fyr Ord og Talemaatar, som kunde vera mindre kjende i By og paa Flatbygd: men det var raadlaust yveralt aa gjera detta, helst naar der maatte koma fram Navn paa Landelæge (geographiske Benævnelser), sosom i „Føtunheimen.“ Det heve lagt mange Bond paa meg, dette, aa gjera Maalet tydelegt, og det heve ofta og teket burt det mest sermerkte eller karakteristiske ved Tanken. Men, me „Maalmenner“ maa fara smaatt fram enno tidleg Dags. Det er med oss som med Organisten, naar han i sit Fyrespil eller Præludium spilar med faae „Stemmer.“ Folk etter oss faa fyrst den Lukka aa kunna draga ut alle „Stemmer“ og spila med fullt Verk.

Christiania i Decbr. 1866.

I dette andre Upplaget, som no her kjem ut, er eit og annat Smaatt umskipt og tilsett og fraateket.

Christiania i September 1868.



Dei Olavarne.

Og Olav heet Son, og Olav heet Far.
Det Olav paa Olav var,
solenge som det var spurt til Mann
som Eigar av Nordigard.

Det er som med Lauvet, du seer i Skog:
Det rotnar i Flo paa Flo,
um Baaren grønt og um Hausten gult,
og svart under kvite Snjo.

Og Olav var stor og Olav var sterk,
og Olav var spræker Kar.
Men endaa so vardt det altid sagt,
at betre var gamle Far.

Det myrknar ikring deg, naar so du kjem
frametter imot di Grav;
og difyr so hava dei gamle fyr Tru,
at Folket det minskar av.

Men det er med Mannen og Mannaætt,
som Grønsta paa Skog og Jord:
Det er liksom Lauv og Gras iaar
er grønare en ifjor.

Slift var det med desse Olavar:
der døydde 'kje Styrken ut;
for av denne store Olavs-Vett
den sidste var „Storegut“.

Ja, det var med detta, som naar du rett
vil ut yver Sjøen sjaa:
Den store Bylgja kjem alltid fram
som fødd av dei mange smaa.

Men sidst av den største Bylgja verd fødd
fraa Kulling so breid og rund
den Brotsjø, som velter med kvite Foss
og slær seg paa Sanden sund.

Dg likeins du ut paa den opne Sjø
det vanlege Synet fær
fraa slikkeit fysiske Bylgjedrag,
at sunder seg sjølv det slær.

So verd der som stilt, der Baara brast,
med Bylgjor so smaa i Kross,
til dess det seg lyfter eit Bylgjedrag,
som vekker seg til ein Foss.

Dg difyr kjem Fader til „Storegut“
paa Tale somangein Gong.

Ja, han verd den Mannen i denne Segn,
som synger den heile Song.

Olav sjølv.

D'er Olav, som ut denne Boki ber;
d'er han, som fortel denne Soga her.
Han diktar og kvod desse Visor ut,
fraa fyrst um seg sjølv, so um Storegut.

Daa Olav lærde lesa.

Dei segja, at Livet det lid og det strid
og fram mot eit betre seg søker.
Min Ungdom fall inn i den underleg' Lid,
daa fyrst upp til oss det kom Bøker.

Daa vardt det forlitet, at Mannen var klok,
og Tankar i Mengd kunde hava.
Nei, Visdomen maatte han finna i Bok,
og Folk skulde læra aa stava.

Ei Bok var ei Era: eg minnest det tidt,
i Høgsetet sat ho som Gjesten.
For det var med Rærdomen komet sovidt,
at Folk skulde ganga fyr Presten.

Eg lærde aa lesa. Eg fekk meg ei Bok.
Dg raude Bokstavar var Dygdi.
For endefram var det, han laut vera klok,
ein Son av dei beste i Bygdi.

Men so sagde Far: „Det er alt utan Naud!
Verdt lik meg og fylg meg paa Ferdom!
Kast Boki, min Gut; eg gjev Presten ein Saud:
so slepp du fraa all denne Lærdom.“

„Eg leser um Kvelden“, eg sagde til Far,
„so fer eg um Dagen paa Ferdom.
No Presten eg „Spurningar“*) fekk fyr mitt Svar,
so no skal du sjaa her verd Lærdom.“

„So fær han ein Buff denne Mann, som er halt,
eg meinar,“ sa' Far, „denne Gunnar.
So gjev han deg Lærdom: han kjenner til alt,
og stødt kjem or Bøker med Grunnar.“

Ja, Gunnar var klok, um han endaa var halt.
Dg Gunnar var komen fraa Froland.
Han lærde meg myket og lærde meg alt
um Goliat, Samson og Roland.

*) elder „dei skrivne Spurningarne“, var Spursmaal og Svar, som Presten skreiv upp med Frakturskrift og gav ut til Ungdomen, for Potoppidans Forklaring var for stor aa læra. Det var so ei fjore fem Blaad. Eg minnest Folk, som ikkje hadde lært meir.

„Dg Sjøen,“ sa' Gunnar, „er fælände stor,
so Bandal ein Dam er imot'n.
Dg Kongerik' store her finst paa vaar Jord,
tenk Rusland og Halland og Toten!

Dg langt imot Sud der ei Slett er so vid,
— sofannst som ei Bøferna Ijuge, —
at der du kann sjaa hver Kongerik' ni,
og Kyrkjor somange som tjuge.

Her heima er smaatt: det er alt som ei Mus
mot fælaste Uksen, som olmar;
for Dyr er aa finna so store som Hus,
og Fiskar so store som Holmar.

Dg Mimring var slif, han var større en tri,
og stor som ei Tunna var Hatten.
Seks Alner var Goliat, Nimrod var ni,
og Biderik Bærlandson atten.

I Hornet blees Roland, der saarad han laag,
so hardt, at det huffad i Haugom.
Dg Mannen, som Mahomed sagde han saag,
var tusund av Mil millom Augom.

Fraa Serkland til Balland sprang Kolv i eit Laup
med tusund av Stridsmenn paa Skjoldet.
„Um Gauksto var Graut og um Tinsjø var Saup,
eg aat meg 'kje mett,“ sagde Trollet.

Med Staven sin Gunnar ein Aftan ofs flo.
Eg Spurning og Svar lyt fortelja:

Han spurde, um me av dei Begjerne too
den breide ell' smale byr velja?

„Me unge og spræke, i varmt som i kaldt,
fann ganga den smale og leide.
Men du, stakars Krok, som er gamal og halt,
byr vandra den gode og breide.“

Smaaguten er gapen; men der leikar Liv;
og Gamlen er glad i den unge.
Han biter ifraa seg som kvassaste Kniv,
og Bit sprakar lett fraa hans Tunge.

Um Gunnar var gamal, han endaa var glad
og snildaste Mannen, eg kjende.
Han lærde oss lesa og Visor han kvad,
og Rispor han fann utan Ende.

Kvar Bok las eg ut. Eg i Boki var glad,
men gladare endaa i Hesten.
Dg naar me kom upp og vardt stelde i Rad,
so vardt eg den fremste fyr Presten.

Olav verd Hermann.

Ved tjug' Mars Aldren var det eg vardt skriven,
og vardt til det, me falla „Kongens Kar.“
D'er hardt, naar slift du fraa din Heim verd driven.
Men glad eg gjekk i Far mins Fotafar;

og daa eg kjende, at ein Mann eg var,
naar ut mot Fienden eg skulde fara,
og slikt med Hond og Foten vera snar,
som naar du Eld og Blod vil av deg fara:
Det er fyr Land og Folk og Konge du skal svara.

Til „Kongens Kjøbenhavn“ det maatte bera;
for tvo og sjautti Tumar var eg haag.
Dg slike Stormenn laut kring Kongen vera;
og so eg aarevis derne de laag.
Dg mange store, gjæve Ting eg saag,
som ikkje her so rett eg um kann syngja.
Men Kongen saag eg og hans Son og Maag.
Det er eit Syn, som Gamlen upp kann yngja.
Dg der eg prøvad gamalt Sverd og Hjelm og Brynja.

Dg ned til Holstein og eg maatte draga;
for Krig mot Russen var det meint aa faa.
Men anderleides skulde det seg laga,
og andre Karar var det eg fekk slaa.
Eg synest enno digre Tysken sjaa,
som tidt eg smurde upp paa Dansesalar;
men mest den Flestesluggen rømde fraa,
med alt det store Skryt og Ryt han pralar
og med sitt Skum i Munn og Graudemæle talar.

Den snilde Dansken ingen Mann skal vraka.
Men Munnen hans er full av Brid og Braal.
Dg heile Tyloter Danstar skal eg taka;
— det gjeng som naar du bryter grøne Raal —
Du kjenner Dansken paa hans mjuke Maal

med Ord og Ordalag som Silkeflutar.
Ja, der er litet av det Norske Staal
med all den Sprett og Spenn i Norske Gutar.
Her dansa Ord som Bekkjabond fraa Fjell og Mutar.

Men endaa likar eg den gode Dansten;
for betre Hjartalag eg sjeldan fann;
og aldri skal du sjaa eg kastar Handsken
til Strid paa Odd og Egg med denne Mann.
Dg slike fagre Døtter eiger han!
Du veit, at Hermod Alaland tok a' Mette.
Den Blomen i sit Gardeliv han vann.
Han elstade mange; men ho var den rette.
Fjor ho atter fekk ein Son, — det var den sette.

Me arme Menn um fagre Gjentor drøyma;
og dennue Draumen varer mange Aar.
Somange slike Minne paa meg strøyma,
at tidt eg gjeng, som eg var sjuk og saar.
Ja, naar ihug me koma Elsten vaar,
so er det so i Merg og Bein det silar.
Som svarte Skuggen kring du gaar og gaar;
du lengtar, trur og trur, og so du tvilar,
og liksom Orren blundande paa Leiken spilar.

Olav fær prøva mangt.

Til Kjøbenhavn eg laut, som sagt,
so var det i min Lagnad lagt,

for so i Kongens Bod det heet.
Men dei, som heima sat, dei greet.

Men mest greet Anne, arme Møy.
Eg trudde plent ho skulde døy.
Me var trulovat nettupp daa.
Dg ut eg laut so langt ifraa!

Me unge tvo, me lovad heitt,
at me sku' vera liksom eitt.
Dg so fyr Gud me ærlegt svor,
at me sku' trugne halda Ord.

Men eg vardt burte mange Aar.
Dg Tidi læfjer alle Saar.
Eg sende Bod og Bod ho gav,
Men sidst eg fann, ho dovnad av.

Det kom ein Gut med større Gard.
Dg trugad vardt ho av sin Far.
Det Bodskap var mitt fyrste Slag.
Eg trudde det var Domedag.

Eg gjekk og hatad kvar og ein
og flaug som Troll i Berg og Stein.
Eg ingen saag i Hugen glad;
eg minnest enno det eg kvad:

„Her er so tungt fyr Mann og Møy
i dette Liv so sjukt og saart.
Me slita stridt, fyrr me faa døy
og sleppa dette Livet vaart.

Sa, Livet er ein Klagesong,
og Ljoset slofnar fyr vaar Fot.
Her er slik Armod, Maud og Trong,
at Blodet spring fraa Naglarot.

Dei ljose Stunder i vaar Sorg,
naar Livet liksom lyser klaart,
me taka Himilen paa Borg.
Men me faa svida fyr det saart.
Det spring fraa Smil til Auga vaatt,
der Lit kjem inn i Brudlaups Lag;
og Notti kjem med graatt i graatt,
og svarte Sky med Toreslag.

So ilt det heile Livet læt
og sveiper seg i svarte Sut.
Det er, som Jord og Himil græt
og lengtar etter Løysning ut.
Kvar Drope Dogg er som ei Taar.
Me takka maa, me Kjelda fann,
so me faa dogga Sorgi vaar,
og med i alt me graata kann.

Ein Krig det heile Livet er:
Kvar river aat seg olm og yr
og spenner, høgg og sting og slær,
og biter som eit annat Dyr.
Ein eta vil den andre upp
og svelgja alt, han veit og kann.
Det gjeng paa Plunder hovudstup
fraa Maff i Mold og upp til Mann.

Det er slitt Bit og Slit, at du
kann misfa baade Bit og Sans,
naar du skal leika deg og snu
i denne ville Drauga-Dans.
So upp og ned og paa og av
me storma denne Dansen lang,
til dess paa Slutt den opne Grav
oss teker i sitt svarte Fang."

Olav maa elska.

Aldri lenge kann han vera
vond og myrk den gode Mannen:
kann han ei den eine elska,
maa han elska strakst ein annan.

Anne sveik meg. Store Under,
at eg detta kunde bera!
Men paa Slutten so eg tenkte:
„Slitt kann mangei Anne gjera.

Millom alt det gode varme
tidt du maa i kaldt deg lauga.
Slitt aa Sæ kjem tidt, sa' Sælen,
daa han stoten vardt i Auga.

Anne sveik meg! arme Gjenta!
Nei eg visste det var Faren.

Han som mange gode Gamle
elstade mest den største Garden.

Gjenta lik dei gode Gamle
tidt paa gilde Garden tenkjer.
Gjenta, er det sagt, som Fluga
leikar best fring det, som blenkjer.

Etter det, som glor, me alle
laupa, so me litet sansa.
Lifsom Jødarne i Morki,
fring ein Kalv av Gull me dansa.

Kanskje Anne var so lagad,
at ho større Stasen turde?
Dg vil ho meg ikkje hava,
er det best, at ho verd burte.

Etter Skatten, som seg gøymer,
kloke Mann skal aldri grava.
Gjenta, som ifraa deg rømer,
vøre største Best aa hava.

Gjerd ho er av annat Birke,
vilde Berk og Baa deg gjera.
Dersom ho er skapt fyr nokon,
maa det fyr ein annan vera."

Slift til Liv eg upp meg mannad,
men eg stundom sat og sturde.
Slift med gamall Visdomslæra
mine arme Saar eg smurde.

Maren fann eg daa den beste.
Stundom gjekk eg reint som tuffen.
Men eg endaa fann, at Elsten
vantad liksom rette Guffen.

So ein Kveld, me Kongens Karar,
druffo Ol og Danste Drammer,
og kom snart um det aa tala,
som paa Danst verd kallat „Flammer.“

„Fyr mi Maren,“ streik den eine,
„fyr mi Maren skal eg borge.
Ho er rein og kvit den Gjenta
liksom Snjoen upp i Norge.“

„Fyr mi Maren!“ streik den andre;
„Festarmøyi mi er Maren.“
„Maren di!“ streik i den tridje;
„meinar Fa'n er i deg faren!“

Det vardt Slagsmaal, og den eine
hit og dit den andre slengde;
og i denne Leik eg alle
Festarmenn til Maren dengde.

Sistpaa alle Mann i Ringen
upp dei reis og heim seg stavad.
Men ho Maren, ho fekk ingen;
for ho vilde alle hava.

Olav h yrer Musik og Song i Byen.

Den fyrste Gong eg kom til Byen,
daa var eg alt ein vaksen Gut.
Fraa Fjell, som stinga upp mot Skyenn',
lik Bekk mot Fjorden rann eg ut.
I Dalen der og upp paa Fjenn'
eg las og kvad so mangt eit Dikt,
og hadde myket h yrt um Byen,
men trudde aldri det var slitt.

Daa fann eg det, som fyrst eg dr ymde,
daa eg til Kyrkja hadde k yrt.
Daa h yrd' eg klaart det, tidt eg gl ymde
og hadde som i Berget h yrt.
Daa var det slitt, at Taarer str ymde;
for alt forklarar daa eg fann.
Dg i mit Minne det eg g ymde,
so eg det aldri gl yma kann.

Um Fossegrimen mang ein talar;
men han fekk aldri Hugen min. —
Na ja! naar Hyrding-Gjenta jalar,
det kann v el vekka Hugen din,
og likeins, naar i djupe Dalar
det kjem av Tonar som ei Flod.
Men annat er i desse Salar
med Tonar utav Eld og Glod.

Det Tonar er paa annan Maaten,
en dei som vekke fyrst mit Mod.
Det annat er, en daa i Baaten
fraa Lid eg høyrde Ludrens Ljod.
Aa—haa! ja det er annan Saaten!
— Mei aldri det eg gløyma skal —;
for slikt det er, at jamvæl Graaten
kjem fram i reine Tonefall.

Det gjeng godt fyr'n Olav.

D'er litet atter av ein Kar,
som i sin Elst er sviken.
Han gjeng, som han ein Skugge var,
og aldri saag du Lifen:
Han hatar Mann, han hatar Møy,
og flyg som Skodd paa Heidar.
Han ynstjer, snart han maatte døy
Dg sleppa falske Eidar.

Eg visst' ei, um eg Sud ell' Nord
ell' Aust ell' Vest var faren,
for sviket hadde dei sitt Ord,
ho Anne og ho Maren.
Eg trudde væl, at Maren var
so heiltupp ei den sanne.
So det, som mest til Hjarta skar,
var Lygni hennar Anne.

Men rett som so i Sorg eg gjekk
og hatad heile Berdi,
ei Bod ifraa ein Morst eg fekk,
at Anne var paa Ferdi.
Ho hadde reist fraa Far og Mor
og vilde upp meg søkja.
Dg gjenom heile Sverge foor
den stafars vesle Krokja.

So var ein Dag eg stod paa Bakt,
— den Bakt tok ingen Ende —
det til meg av ein Mann vardt sagt:
„Her kjem til deg eit Kvende.
Ho er fraa Norge, høyrer eg,
ein Kjæraft', kann eg banne.
Med Graat og Laat ho søkjer deg.“
Aa, jau, det var ho Anne.

Daa fekk eg sjaa det falske Spil;
daa kom det heile Ordet,
at Anne nær var trugad til
aa taka Gjermund Fordet.
Men daa det galdt, vardt Anne ør
og vilde upp meg sinne
og gjorde det, som aldri fyrr
var gjort i Manna-Minne.

Ho kvad (Aa nei! i Sorg du kann
ei kveda, so det høver;
for sagre Ord du aldri fann,
naar Tvil og Elst deg kjøver.

D'er fyrst, naar upp du vakna fær
ifraa den vonde Draumen,
at i din Song um den der er
den rette fulle Flaumen):

„Na hjelp' og trøste meg! min Olav kann
du gløyma, at eg liksom upp deg gav?
Eg etter gav ei Stund, men Ro ei fann.
Det var som ned eg stirde i mi Grav.

For veif eg var, og er deg aldri verd.
Eg gjorde Synd, og etter Synd kom Sut.
Det bit og brenn og ingen Ende fær:
Den Drm ei døyr, den Eld ei slofnar ut.

Du burte var: eg fekk 'kje Ord til deg
og segja Blomen din var frist i Rot.
Eg fann 'kje Fred, fyrr eg den lange Veg
fekk fara paa min arme nakne Fot.

Eg ventar Svar og ser paa Munnen din,
Kom med eit Ord, og gjev mitt Hjarta Ro!
Ver naadig og deg tenk i Staden min:
Eg stod og brann imillom Eldar tvo.

So svar meg godt! Du er so klok og blid.
Der heima foor eg kring so trøytt og vaat,
og spurde Berg og Stein og Fjell og Lid.
Men alting svarad med min eigen Graat."

Det gjeng 'n Olav baade godt og vondt.

At med mi Anne snart eg vardt forlitt,
veit Alle som med meg hev' prøvat slitt.
Mi Tid var ute, Løysepass eg fekk,
og heim til Norge eg med Anne gjekk.
Daa gjekk det lett, um Foten tidt var saar.
Dg me vardt endaa vigde same Vaar.
Det var den Vaaren, Grungebru vardt bygd.
Dg Brudlaupet vardt spurt fraa Bygd til Bygd;
for det var der, at gamle Olav Bjaaland,
den Kjæmpeskaren, dengde Hermod Aaland.

So Garden etter Far min daa eg fekk,
og so ei Stund frametter godt det gjekk.
„D'er godt aa faa,“ so sagde tidt han Far,
„ei unge Kona og ein gamall Gard.
D'er lett med desse tvo aa liva væl;
og Skam faa den, som ei med det er sæl.“

Eg livde væl, men Lukka med meg braut:
Fyr kvart ein Barn eg fekk, eg mist' eit Naut.
Tidt gjekk det paa: det jamleg var kvar Vaar,
og i det minste eit kvart-annat Aar.
Slitt var paatverke, og eg sleit meg sliten.
Min Barnaflokk vardt stor og Buskap liten.
Der mange Gjester kom fring vesle Fat.
Til fleire Munnar vardt der mindre Mat.

Naar Lagnad, sagde Folk, so ut vardt stift,
for me av berre Elst oss hadde gift,
og aldri vilde slaa det minste av,
og tru paa det, som mest i Pungen gav.

Men Tingen var, sovidt eg no kann sjaa,
at Feet vaart me godt ei passad paa.
Dg naar som tidt eg Hestar hadde bytt,
eg attpaa merkte at eg stødt var snytt.
Eg trodde Livet ei med Heste-Hov,
og aldri aat meg som eit Kloddyr grov.
Kring Born og Kona sat eg altfor glad
og altfor myket las i Bok og kvad.
Dg Anne var paa sama Gjerd som eg,
og tenkte meir paa andre en paa seg.
Naar Fatikmann med Posen tryglad paa,
ho tidt gav burt det Korn, eg skulde saa.
Dg so me gløymde burt vaar eigen Munn,
til me paa Slutten gjekk fraa Gard og Grunn.
Dg det, me fekk til Løn, var litet godt:
Det var, som kvar kann vita, Spe og Spott.
For Folk er kloke og som Isen haale:
Eg gjekk fyr Galning, Anne fyr ei Saale.

Men Born me hadde som det gode Gull.
Sovidt eg minnest, var det Tyloti full.
Dg disyr saag eg ingen Mann meg lif.
Den, som hev' mange gode Born, er rik.
Som Blomen gro dei upp og faa si Tid,
og Verdi er fyr alle stor og vid,

so kvar, som brukar seg, vil finna Braud:
du aldri saag den Gode lida Naud.

I denne Tylvt av Born var Gjentar tri,
og so ialt eg hadde Gutar ni.
Bland desse nio Gutar var der ein,
som mot dei andre var som Flint mot Stein,
som Hallingjøkulen mot Veslebræ,
som heile Nordsjaa imot Langesæ,
som Gauksto er mot runde Naudbergnut,
og difyr var han kallad „Storegut“.

Um du er vreib, paa Born du ser deg blid.
Dei spring' og dansa liksom Buffleid.
Dei kvittra liksom Fugl mot ljose Dag.
Der sprakar Liv i kvart eit Andlitsdrag.
Ho blenkjer kvit og kvass den unge Tonn.
Det er, som Mat og Klæde av deim brann.
Na vera arm og eiga slike smaa,
det gjer deg tankesfull og leitar paa.
Eg um vardt skapt, eg stifte Sinn og Mand,
og Staven tok eg i den andre Hond.
Eg drog til Huset godt av alle Slag.
Eg „Rjøfemeistar“ var i Leif og Lag.
Eg fangad Fugl og Fisk, skaut Rev og Rein,
og dreiv med Hest og Skinn og Brynestein.
So ut paa Bygdi eg som Doktar drog
og sette mangein Kopp og Madrer slog.

Eg visste Raad, og Bot eg kunde te,
naar nokon Trollskap kom paa Folk og Fe;
so mange Folk meg fyr ein Trollmann tok,

og krossad seg og so med Hovud stot
og trudd' eg gjeff med „stygge Svartebof“.
Fyr det, eg gjorde, var eg aldri dyr.
Dg so fortald' eg gamle Eventyr,
og diktad Stev, naar gode Folk meg bad,
og so imillom gamle Visor kvad.
So laut eg atter ut i lange Sving,
som Fuglen fraa sit Neide fylt ikring.
og pikkar der, han ser det minste Grand,
han til dei Smaa i Nebben sleppa kann,
til dess dei Dun og fulle Bengjer faa,
so dei som han kann leika til og fraa.
So sleit eg fram, var glad og godt kom ut.
Dg no de høyra skal um „Storegut“.

Storegut.

Uppvokstren hans.

Han liten var, fyrr han vardt stor.
Det er den gamle Laaten.
Dg fyrr han hadde lært eit Ord,
han alltid tok til Graaten.

Som Ratten rædd den vaate Laug,
kring Mor han vilde hanga.
Han fyrst ikring paa Fjore flaug,
fyrr rett han lærde ganga.

Fraa han fekk Foten under seg,
han sprang paa Berg og Mutar,
og upp han voks som du og eg,
og andre slike Gutar.

Ho Anne skulde eingong ut,
— han var vel lang ei Men —
daa stengd' ho inne Beslegut,
som streik som han var galen.

Han flaug det heile Hus. ikring,
solenge til han dovnad,

og streik og streik, det arme Ting,
til han i Dsfa sovnad.

Til Mor hans daa fyr slik ei Ferd
eg sagde mest i Sinne:
„Eg meiner du fraa Vitet er,
som stengjer Guten inne.“

Hans fyrste Ungdom dreiv som Dogg,
som Morgonsoli jagar.
Dg berre eingong fekk han Hogg
i alle fine Dagar:

Det var, for han den Banen fekk
aa fanta kring og sljuga,
og eingong, som det galet gjeff,
han burt det vilde Ljuga.

Han Hyrding var og sprang og sleit
paa gamle Guta-Bisen.
Han gjætte Ku og Saud og Geit
og stundom jamvæl Grisen.

Han maatte varna Nakrens Bard
med all den Magt, han aatte.
Um Tora slog, som rædd han var,
til Skogs han endaa maatte.

Naar Ku til Skogs fyr Kleggen slaug
og sprengde Grindarfalsen,
han sprang som i ei Sveite-Laug,
og Blodet brann i Halsen.

I Regn og Kjold, naar han var vaat,
og Snjoen laag paa Nuten,
det Luttring var og stafars Graat
paa vesle frosne Guten.

Dg naar so „Blaamann“ burte var,
og Reven attaat gøybde,
og so han saag eit Skrubbe-Far,
han trudde plent, han døydde.

Dg trøytt han skalv som Dspeblad
Dg sat paa Bjørkestubben.
Til Gud fyr Bukken sin han bad,
og bannad so paa Skrubben.

Dg naar han vardt fraa Gjæting laus,
han sprang og klappad Gender
og etter Fisten slaug og fraus
og Trastar staut og Ender.

Du vyrder litet, um du slit,
og frys, til du verdt valen;
for naar fyrst Fisten viljugt bit,
so verd du mest som galen.

Naar Snjo vardt djup i Dal og Lid,
daa sat han litet inne,
men rende fring paa gode Skid
i Skog og Fjell og Finne.

Det var væl gildt, naar Reven laag
i Saksi der og baklad,

og gildet, naar Kjupa kvit han saag
i Snora flaug og flakfad.

Det var eingong um Vetren daa
me miste Vega-Leidi.

Fyr Fok me inkje kunde sjaa,
men sat i Snjo paa Heidi.

Han fraus; men Raad laut finnast paa —
eg maatte Frosten tvinga —
so vermde eg hans Føter smaa
imot mi berre Bringa.

I Hola der av Snjo me sat;
daa snart han kjende Barmen,
so drog eg upp av Luma Mat
og tok'n inn mot Barmen.

Det flaarnad upp; og so paa Skid
me rende fort som Elden
frammyver Fjell og bratte Lid,
og kom so heim um Kvelden.

Daa Anne kom med Ol i Gaus,
eg sagde daa um Kvelden:
„Sofnart eg saag, at Guten fraus,
eg vardt so heit som Elden.

Han enno er forliten, han,
til so med meg aa vera.
Det vera maa den vaksne Mann
til vaksne Verk aa gjera.“

Ved Isens Løysning eingong ut
me skulde Ender skjota.

I Baaten bak sat Storegut
og eg sku' ro og skota.

Dg rett som det, so vardt han var
der bak han sat og lurde,
paa Isen sat eit Andepar
i Elsten der og furde.

„Tak Steggen Gut, tak Steggen du
paa gamle Skyttarvisenn'!“
sa' eg, som just eg skulde snu
til Sigte burt mot Isen.

Det small, og Hona atter laag
mot Sol med ljose Bringa,
men Steggen upp til Ve'rs me saag,
aa leika seg og svinga.

Han svingad der ikring og kring
og kom so daa tilbake,
og sette etter sidste Ring
seg atter ved sin Make.

„Na sigt no godt,“ eg sagde daa,
sjaa til og skot den Arme,
som baade eg og du kan sjaa
er sjuk av Sorg og Harme.

Han leitar etter Make, han,
som fraa han maatte kvekkja,

og vil væl sjaa, um upp han kann
faa atter hena vekkja."

Det small og Steggen Bengen slog
i Dauden paa sin Make,
og Storegut deim til seg drog
av Isen med ein Hafe.

„Hu, det er fælt," eg sagde hard,
„at stundom so me ljota
i Elsten slift eit Fuglapar
fyr stakars Maten skjota.

Slift eingong fyrr meg heve hendt,
at Steggen kom tilbake,
men aldri heve Hona vendt
attende til sin Make.

Sin daude Stegg ho flyg ifraa
so reint paa vide Beggen;
og disyr skal du altid sjaa,
um du kann skjota Steggen.

Inn under Busken ho seg legg
og siter der og ruglar.
Ho tenkjer visst paa sine Egg,
som verda skal til Fuglar."

So gjekk me daa i Dyrastog
der upp mot Raudalstinden,
og inn paa Fjellet so me drog
der beint mot Nordanvinden.

Ein Reinsdyrhop me singo sjaa,
som stor i Skodda røyvde.
Han ramsad fort og reikad paa
og midt i tvo seg fløyvde.

Den eine tok mot Nupe=Nut,
og den eg etter sette.
Den andre fylgde Storegut
paa sine Føter lette.

Den største Bukken snart eg skaut
og ned i Fjellet urdad.
So hver Bakke, Berg og Braut
til Storegut eg skurad.

Eg ut mot Kvelden honom fann
der burte paa ein Brote.
Dg der ei dygtig Simla han
ha' nyleg fenget stotet.

Ho etter Flokken trøytnad var
i Barnasjukens Rider,
og han, det enno Barn av Kar,
forstod 'kje hennar Lider.

Men ettersom ho gjekk og laag,
han sprang med Bust i Munnen,

og um han denne Armod saag,
so visste han 'kje Grunnen.

Sitt Mistak Guten snart fekk sjaa,
og vondt det honom gjorde.
Det var so mest han infje daa
i Hugo sjaa meg torde.

Fyr detta og fyr Steggens Skuld
som so seg skulde fata,
eg trur hans Tanke vardt so full,
at Risla reint han hatad.

Storegut verd bergteken.

Det var seg ein Kveld i Grunge-Nut,
han Geiterna skulde henta.
Han var so ikring ein vaksen Gut,
og tenkte paa Nordgard's-Gjenta.
Han gjekk der og leitad inn og ut.

Der bita Bukkarne mangein Blom,
og sjaa ned i Fossen under.
Det lægste Ljodet kjem att med Ljom.
Det er dette gamle Under.
Den Nuten er kjend fyr Tusseboom.

So strauk han Blaamann i lange Skjegg,
og sagde: „Me heim maa fara!“
Det var so det skalv i Led og Legg.
Daa var det som nokot svarad;
og Berget sprang upp paa vidan Vegg.

Det urd' og krudde med Bøyg og Buft
av Folk utor Berg og Haugom.
So høyrd' han imillom som Rlynt og Kluff.
Det svartnad med eitt fyr Augom.
Han fekk 'kje fyr seg til Gud ein Suff.

Det stot og dunde og var slit Sus,
som fælaste Fossen sløymer.
So kvarv han som burt i all den Brus.
Det var, liksom naar du drøymer
og dett ifraa Fjell og store Hus.

So saag han ein Skog av Glas i Krull,
sovidt han minnest og meinar.
Av finaste Silke var Salen full,
og Stjernor var Glimesteinar,
og Maanen var Sylv og Soli Gull.

Det glimde og glodde av alle Ting,
som Folk kunna gjera sæle.
Det druste av Rikdom rundt ifring;
men Folk var furtne og sæle
og gjerd' honom inne i ein Ring.

Dei sprungo fring honom hovudstup
og spente med Hæl og Hasar;

og log, so dei stod i Kruk og Krupp,
og krøkte paa lange Nasar
og var, som dei vild' honom eta upp.

Med eit ei Gjenta han fekk aa sjaa:
ho lyste som ljose Dagen.
Og alle dei Trolli rømde daa,
som flegne av all den Agen.
Ho leikad fring honom til og fraa.

Ho saag paa honom og stifte Lit;
og endeleg so ho talar:
„Eg takkar deg, Mann, for du kom hit:
her sviv eg i desse Salar,
i Glans av Gull utan Mannavit.

No verð det fring tusund Ar til Sol,
fraa eg kom i Haug og Hamrar.
Ei Dronning eg er paa Silkestol
og midt i mitt Gull meg jamrar,
og lengtar so saart etter Folk og Sol.

Det stjef væl i deg, som i meg det stol,
daa Dag imot Nott eg stifte?
Eg tok ein Mann som var litet klok.
Fyr Gull det var eg meg gifte.
So varðt han Troll og til Bergs meg tok.

Eg trappar i Golv, og alting stjer.
Dei Trolli fraa meg eg jagar.
Men Livet meg drep, for det stødt seg ter

i æveleg' Ungdomsdagar.

Eg fær ikkje døy, fyrr Sol eg ser.

Det var meg for trongt paa Heimfens Dø,
og alting eg vilde hava.

Eg stend eit Merke fyr Mann og Møy,
som alting vil til seg grava.

Na, elst meg sovidt, at eg kann faa døy!"

„D'er Raad til dess at Ein kann faa døy,"
han svarar med Taar paa Kinnar,

„for Folk dei livar som Gras og Høy,
og fara som Lauv fyr Vindar.

Men du skal vera mi Festarmøy."

Han slengde Kniv under gyllde Taf,
og Soli av Gull seg gøymde.

Daa vardt der Skjeld og daa vardt der Skaf,
og Fosfar kring honom sløymde;
for Berget rivnad med Lorebrak.

I Dagen hans Møy ifraa honom foor
og glapp or dei heppne Hender,
lik Dogg fyr Sol fraa den grøne Fjord,
som burt upp i Lufti renner
og legg seg fyr Sol som gyllde Flor.

Det var som ein Svevn, det han fekk sjaa,
og upp han vaknad som valen.

Naar han det minnest, — det tidt kjem paa —,
han stend og stirer som galen.

Du ser og drøymmer, men kann 'kje faa.

Storegut tek imot sine Herklæde.

Til ein Hermann vardt Storegut skriven,
og i attande Maret var han.
So han fyrst ut i Verdi vardt driven,
til aa tena fyr Konge og Land.
Det var Gut, som i Hond var 'kje vülen,
men til alting aa gjera var før.
So i Telthuset møtt' han paa „Dalen,“
aa taka imot sin „Mundør“.

Men til Guten so stor og so fager
var dei Klædningar alle for smaa:
Av dei hundrade Gangar paa „Lager“
var der ingen, han kunde faa paa
utan Tøygjing i Ty, so det brakad
i dei største, han kunde faa fatt,
og med Spaning og Slit, so det knakad,
og Saumarne rivnad og spratt.

So han klædde seg bøygð imot Beggen
og so raud utav Hite og Harm;
for den Brofi raff midt ned paa Leggen
og den Trøya til midt fram paa Arm.
Han i Ryggen stod krokutt som Krakken;
for av Trøya si bunden han er.
Som ein Knapp siter Huba paa Nakkem,
og Vesten ihop han 'kje fær.

So han sprengde si „Uniform“ sunder.
Dg den aldri var gjord fyr ein slif.
So han gjekk der til Spott og til Under.
Det var ingen kjend Storegut lif.
Fyr sin Storleik han gjekk der so sliten,
og som Tullingen kringum han foor.
Det er vondt nog aa vera for liten,
men verre aa vera for stor.

Dg naar Maurar av Smaafolk dei logo,
han som Ungar deim slengde ifraa.
Det var „Barnet som slær,“ naar dei slogo:
Han var vaksen og slog 'kje dei Smaa.
Soso gjekk han som Frikar paa „Dalen,“
og var framifraa makalaus Gut.
Men so sagde dei Mannen var galen,
som slift bar seg aat og saag ut.

Men, den Kaptein var betre en Andre.
Han var glad slif ein Storing aa sjaa.
Dg han sa': „No du heimatt kann vandre,
til me Uniform aat deg kann faa.
Det er godt, at me stundom faa sprengja
denne Trøya, dei fleste faa paa.
Til det store me hjarteleg trengja
bland alt detta stafarsleg smaa.“

Storegut i si nye Uniform.

„No er eg ny fraa Topp til Taa
den fyrste Gong i mine Dagar.
No Kjolen min det gløser fraa,
og blenkjer kvitt fraa mine Kragar.

No er eg ny, og Kom eg sær.
No kann eg fri og frank meg kjenna.
No skal de sjaa, at Gut her er,
som haagt i Hallingdans kann spennna.

No er eg ny. Kom paa, kom paa
og prøv, um du meg godt kann staka.
Vel det du vil, um du vil slaa,
ell' du vil Laf kring Ryggen tafa!

Kom Guten min, um du hev' Mod!
Det gjelder inkje, fyrr du freistar.
Eg serdug er: kvar Drope Blod
i Livet fringum slyg og gneistar."

Dragømmalet.

Ingen av alle dei tusunde Mann
til detta seg gledde.
Ingen, som vaagad seg, Storegut fann;
for alle var rædde.
Sidst sagde Kapteinen: „Skjemme deg Knut!
kann du og deg idra?"

Du var den Mannen, som stødt rykte ut,
og vilde 'kje fra.

Var du paa Dansar, so altid du var
den beste i Salen.

Her gjeff du fri, og var makalaus Kar,
og lytte paa „Dalen.“

No lyt du fram, og eg ser du er heit,
og Dragsmaal du venter.

Frikaren var du, sovidt som eg veit
i tri 'Regimenter'“.

Knut skifter Lit, no er bleik, no er glødd,
den Mann utan Make!

Knut var fraa No og paa Byrte var fødd,
og Far hans heet Hake.

Knut var no ikkje so framifraa stor,
men tett var den Guten.

Udri slik Bringa du saag, der du foor,
som paa denne Knut'en.

Steinen paa Bistad, mot Endarne sneidd,
han tok upp i Fanget.

Finnabu-Laupet, tolv Alner i Breidd,
det tok han i Spranget.

Karen han lyfte med Armen sin strak.

Den Gut kunde skaka.

Endaa han skaly, daa han skulde eit Tak
med Storegut taka.

Men han laut til; for det var slik ei Stam
seg hver aa gjeva.

Folk ventad slikt paa dei tvo, som steig fram,
at knapt dei fekk teva.

So desse tvo foor kvarandre imot

og smilte og logo,
gingo so fram paa sin dansande Fot
og Hallingkast slogo,
gripo kvarandre kring Armarne fast
og reidde og stoko,
so etterpaa til det gamledags Kast
kring Ryggen dei toko.
Som til eit Tog dei seg tvinnad ikring,
lik Traaden fraa Rokken;
svivo so kringum i Ring og i Ring,
som Hjulet paa Rokken.
Smaastein du høyrde fraa alt deira Spenn
kring Dyrrom aa driva,
endaa paa Jorði dei syntest ei, men
i Lufti aa sviva.
Men so paa Slut tok han Storegut Tak,
so Mun det mund' taka,
slikt at i Bein og i Bunor eit Brak
du høyrde aa knaka.
Liksom du fystsande Baaten ikring
kann snu med eit Styre,
sender han Knut utum ingjerde Ring
med Hovudet fyre.

Eivind Aalandslid.

Eivind Aalandslid det var ein spretten Kar:
under Bjelken godt han flengde.

Mangt eit Laket tok han, og so seig han var,
at han beste Karen sprengde.

Givind ute var, naar nokon var i Naud,
kaupte Garden hans og Hest og Fe og Saud.

Kunde han ei daa
beste Kaupet faa,
Mannen smurd' han upp og dengde.

Givind var imillom Skiens By og Mo
rikaste og „beste“ Karen.

Dg den stakars Krok, som kom i Givinds Klo,
han var selv og fantefaren.

Gjeva nokre Pengar, det var Givinds Vis,
og so Hest og Smør og Skinn til dubbelt Pris.

So paa alt, den Fant,
tok i Garden Pant.

Slo so til seg heile Garden.

Stødt so er det slitt, dei hava fælt til Vinst
slife sterke rike Karar.

Givind lagde upp, so Kaksen hadde minst
fem og tjuge gode Gardar.

Kaupte han ein Hest, ell' um det var ein Gard,
stelte han seg so, at sumt han skuldig var.

Kom so Folk med Krav,
dengde han deim av.
So med Hogg og Slag han svarar.

Ingen kunde søkja Givind fyr ein Rett.
Alle tømde vardt og tvegne.

Futen, Skrivaren og Profurator lett
vordo til hans Sida dregne.
Saki vreid dei hurt og upp og upp den skaut:
Han deim Hestar gav og store feite Naut.
Folk slif Urett bar,
daa dei rædde var
fyr aa verda helseslegne.

Men daa var det eingong gamle Svar Na
so til Storegut'en talar:
„Vil du krevja Givind, skal ein Buft du faa.
Han meg eiger hundrad Dalar.
Naar du skræmer Givind, som eg veit du kann,
verd du fyr det attaat til ein Frægdamann.“
Storegut vardt glad.
Fort han foor avstad.
Spræke Gut ei lenge sadlar.

Naar so Storegut'en kjem til Givind daa,
han fyr honom liksom kjæler.
„Eg skal krevja deg fraa honom Svar Na,“
musslar han fyr seg og mæler.
„Kom i Loftet upp, skal du Bitaling faa
til den gamle Skarven, denne Svar Na,“
Givind gjev til Svar;
for han er den Kar,
han fyr Dengjing aldri fæler.

Naar dei kom i Loftet, Laasen med eit Slag
slo han i, so Huset riste.

Dg han segjer: „No du læra skal i Dag
det, som aldri fyrr du visste.

No skal du fyr gamle Starven Ivar Na
di Bitaling her paa reide Hondi faa.

Men eg trur med meg,
dette Krav av deg
jamen verd paa meg ditt sidste.“

Men han Storegut han stod og stirde kaldt.
Barme Ord han ikkje trengde.

Med den vinstre Hond ein Tunnesekk med Salt
tok han og paa Dfli slengde;
svingad Sekken upp til Munnen som ein Dram,
leikad der paa Golvet med 'om att og fram.

Daa vardt Eivind bleif,
og paa Folk han streif.
Her var den, som Eivind dengde.

Svint av Rista si han hundrad Kronor tok,
— Pengar tunge er aa bera. —

Dg han Storegut'en varmt i Hondi stot,
sagde: „Me skal Biner vera!“

Men han Storegut'en svarar: „No skal du
um fraa alle dine vonde Begjer snu!

Ser eg ikke, fort
at det verder gjort,
skal med meg du faa aa gjera!“

Det stend Age av Kongens Umbodsmenner.

So var det eingong han Kaptein Riis
— det Navnet til Mannen svarar —
foor Bygderna, fringum paa gamall Bis
og saag etter Kongens Karar.

Han aat og han drakk og han lidde væl,
— den Tunna var traa aa teppa —.
Dg den, som var riker, han var so sæl,
at Hermann han kunde sleppa.

Som ventande var, so tok han inn
til Lag paa dei største Gardar.
D'er Gjestabodskost, med Kropp og Skiinn
aa eta upp Kongens Karar.

Dg so fekk han Pengar og Fugl og Fisk
og stundom den største Stuten.
So stakk han i Pung, og lagde paa Dist
den rikaste Gardeguten.

So tok han istaden ein Husmanns-Son,
um det var den lægste Karen.
Fyr Stakaren var der 'kje minste Bon
aa sleppa fraa „Lange-Maren.“

Med Sjerfantar tvo slift foor han kaut
ifringum med all den Stafen.
Dg dei fekk ein Saud, naar han fekk eit Naut.
For Kapteinen han er Basen.

Slift var det med Smør og annat Verð
fyr Guten, som laus seg falar.
For Sjerfanten, veit du, Skillingen er,
og Kapteinen han er Dalar.

So foro dei kringum fraa Hus til Hus
med Nalvor men og med Lentor.
So livde dei dagleg i Drykk og Dus
og slaug etter fagre Gjentor.

Slift fara dei kringum som Skrubb og Ravn,
og alle dei Knofar gnaga.
Men daa dei var ute i Kongens Navn,
so torde 'kje Folk deim jaga.

So foro dei Bygderna upp og ut
til Alle med vondt aa venja,
og Ingen fekk eingong han Storegut
til desse Fantar aa dengja.

Eg sagde til honom: „No fær du sjaa,
for all den Urett me lida.
Du saag, at du maatte fyr Ivar Na
um Retten med Neven strida.

Eg Kristian Lofthus ved Lillesand
paa Ferderna mine raakad.
Dg der eg daa med denne kloke Mann
um alt dette vonde spraakad.

Eg ferer med honom til Kjøbenhavn
og pver slik Urett klagar.

Me tala til Kongen i Landsens Navn,
so verd det væl betre Dagar.

Na klaga fyr Kongen er aldri Skam,
fyr det skal eg trygt deg borge.
So visa me deg fyr Kongen fram,
at Karar her finnst i Norge.

Storegut er med til Kongen.

So til Kongen me foor, og var elleve Mann,
og han Kristian Lofthus var Styraren, han.
Det var fram me laut føra den Urett, me bar;
av di Folket er Barnet og Kongen er Far.

Gjenom Sverge me foor og med Streppa paa Rygg.
Det var Weg, som var lang; der var Skog, som var stygg.
Men me trygge foor fram: der stod av oss ein Kveff.
So den Wegen gjekk snart: det var Gutar, som gjekk.

Me ein Laks hadde med ifraa Lovdalsens Fjord.
Det var Gut, som var feit og so ovende stor!
Det var Skjenken, me hadde til Kongen, han Far.
Dg han Storegut Laksen i Streppa si bar.

Me til Kongsgarden kom. Na ja der var væl giltd!
Dg imot oss dei toso so framifraa snildt.
Der av Folk kvar ein Kroken i Garden var full.
Dg dei stein utav Sply, og dei gløste av Gull.

Dg mot Laksen i Streppa ein Tenare tok.
Han i Gaava var glad og i Hondi ofs stot.
„No i Kveld“, sa' han, „tjem han fyr Kongen paa Dist.
Det er sjeldfengt her nebe aa faa slik ein Fisk.“

So til Kongen me kom; det var Gut, som var gild!
Han tok mot ofs so vael; det var Mann som var snild!
Dg han helsad so varmt, og so sagde han daa:
„Eg er glad, naar eg fær mine Nordmänner sjaa.“

Eg til Lands elder Bands slike Hermenn ei fann.
Dei er trugne mot Kongen og trugne mot Land.
Slik ein Bokster paa Karar du aldri sku' sjaa.“
— Det var Storegut daa han sett' Hugo si' paa.

Daa so Lofthus'en maalsad vaar Urett og Sut,
— det var Guten sin det til aa leggja det ut! —
daa sa' Kongen: „Nei, det er daa æveleg Skam,
at mot Kalmugen Umbodsmenn slift fara fram!“

Gjev meg Tid, skal eg snart til det beste det snu.
Eg skal læra dei Kararne til, kann de tru!
Som eg reffer, eg løner det ærlege Stræv.
Dg i Morgon de heim atter med skal faa Brev.“

Dg so gjekk me med Tru paa det kongeleg' Ord.
Men til Kvelds vardt me bodue til kongelegt Bord.
So hjaa Kongen til Gjestabods var me den Kveld.
Dg der lyst' i dei Salar som Straumar av Eld.

Det var Stas, kann du tru, som var framifraa sin.
Det var endalaust, var det, med Mat og med Vin.

Det var Folk, som var fine og kunde seg snu.
Det var slitt, du i Paradis maatte deg tru.

Der vardt talat so myket til Nordmannsens Pris.
Dg dei spurd' etter Norge og Skiffar og Bis.
Dg me sa', daa dei Storegut makalaus fann:
„Der er fullt upp der heima av Karar som han.“

Storegut er landlyst.

Det litet vardt av Kongens fagre Ord;
for alle Kongens Umbodsmenn her Nord,
dei alt det gamle munde halda paa,
so der var ingen Rett fyr oss aa faa.
I Fengsel Lofthus'en vardt fastad, han,
og der vardt drepen av ein Tilsynsman.
Dg me dei andre, som var med derved,
me miste Guds og Folks og Kongens Fred
og slalb fyr kvar ein Starve-Mann me saag,
og rett som ville Dyr paa Skogen laag.

Kvaft biter det i Snjo og Frost og Bind
aa stengjast ut' og ikkje koma inn
og høyra Laasen i fyr seg aa slaa.

Du gjeng og dreg paa sidste Andadrag,
naar trøytt du gjeng ifringum Dag paa Dag
og aldri minste Biten Mat kann faa.

Det gjeng paa Livet, naar du fryß og svelt;
men endaa er du verre fringum elt,
naar du eit venlegt Masyn ei fær sjaa:

naar slike Folk, som fyrr du kjende best,
ifraa deg roma, som du hadde Pest,
og dit du ser, dei venda Hugo fraa.

Som naar du i den myrke Haustens Kveld
di Laava ser aa loga upp i Eld
med alt det Høy og Korn, som i den er;

so er det, naar du ser, at kvar og ein
er hard imot deg liksom Stoff og Stein
og burt di Hond til Helsing fraa seg stær,

og i di Sorg si Hevn og Gleda finn,
og aat kvar Sulk og all den Graaten din
stend berre kald og slirer der og lær.

Det svartnar fyr deg. Du er nær aa døy.
Det brenner upp ditt heile Korn og Høy.
Du vilde døy, men døy du ikkje fær.

Storegut med Far sin verd fredlst.

So ikring med Foten saar
ifraa Gard til Gard me rømde,
beiste Drykken ut me tømde
til den siste Dogg og Laar.

So paa Stogen der me laago,
og naar Eld me norde paa,
Folk der heim' i Bygdi saago
upp mot Himlen Røyken blaa.
Naar' so Røyken ropad ned,
sagde Folk paa kvar ein Hause:
„Det er fraa dei Fredarlausse.
Lat deim liva der i Fred!“

Naar det leitar paa, det sanne
fær tilgagns du fyrst aa sjaa:
for den beste Hjelpi daa
kom ifraa mi snilde Anne.
Ho til Mann og Sonen sin
kom med Fred og annan Fagnad,
so i all den Striden min
endaa var ein Herrens Lagnad.
Mine andre Søner var
likeins meg til Fred og Glede:
med si Mor til Bror og Far
fylgde dei med Mat og Klæde.
Modlaus den, som væl seg lagar,
tyngste Lagnad aldri slog:
Sams me Livsens-Lasset drog
gjenom desse tunge Dagar.
Ettersom so Tidi streid,
totte Folk, det var for ille
slikt aa jaga ofs som Bille,
og at me ufsuldigt leid.
Likeins Kongens Umbodsmenn
tok paa Slutten til aa fæle,

at det kjøvde Klage-Mæle
skulde Kongen naa igjen.
So me Skrivaren og Futen
ikkje lenger fæla turvte.
Men den drepne Lofthus-Guten,
han, den Gjæving, han var burte.

Sorg renn burt som Barnataar;
Alle Sorger me fekk slita,
sat i Minnet atter kvita,
likfom attergrodde Saar.

Storegut med seks Brøder gjeng i Krig.

Her kom til Krig med Svensten att'.
Det er den gamle Song.
Det alltid kjem til Slagsmaal radt,
naar kvar er vond og vrang.

Til Krig eg var for gamal, eg.
Eg vardt so smaatt alt snaud.
Men so i Striden ut fyr meg
eg hadde Søner sjau.

Det Olav, Ivar, Hermod var
og Sigurd, Svein og Knut,
og fyr deim alle som ein Far
var Kusten Storegut.

Eg gjorde det, som kom paa meg,
til aa faa Heren full.
Eg hadde mange Søner, eg,
men litet Gods og Gull.

I Striden Husmanns-Sonen laut
og sekk 'kje vera lat.
Men Gardemannen gav eit Raut,
og Son hans heima sat.

Det er dei tronge tunge Kor
i denne Striden vaar:
Den, som hev' minst aa strida for,
han fær dei største Saar.

Den Krig er ingen Barnaleik:
det tek i kvar ein Led,
so Mannen, som er sjuk ell' veit,
han siger ende ned.

I Torst' og Sult med Skreppa stor,
av Regn og Sveite bløytt,
du gjeng, til paa den kalde Jord
du sovnar armodstrøytt.

Du vekkjest upp mot Gry av Dag
i kvar ein Leden stiv.
Av Livet leid, du ystjer Slag
mot slitt eit Illmannsliv.

Det tok for hardt paa Guten min,
han stafars yngste Knut.

Han i eit Sjukhus kom inn,
men aldri atter ut.

Dg Svein og Sigurd sidan vardt
og sjuke ein fyr ein.
Det Liv og Arbeid var for hardt
fyr slike unge Bein.

Der alltid fullt av Sjukdom er
paa slik ei Stridens Leid.
Det fylgjer Pest ei Krigarher,
som Ravn ei Strubbe-Streid.

So kom det daa paa Slutt til Slag
med Blink av Sverd og Eld.
Me høyrde Dur den heile Dag
her paa dei haage Fjell.

Det minst var tjuge Mil fraa oss
der aust, der Slaget stod;
men endaa dunde som ein Foss
mot Fjellom Slagets Ljod.

„Na, Gud!“ sa' Anne, „høyrer du
det Ljom med Bindens Drag?
Dg vaare Søner, maa me tru,
er med i dette Slag!“

„Na! høyrde du den Dynen her,
som upp i Ruten leet?“
So sette ho med Suff seg der
paa Steinen ned og greet.

Ja, vaare Søner med dei var
i dette fæle Slag.
Det gløymer aldri arme Far
i all sin Livedag.

Dei hadde døytt dei andre tri;
og tri fall denne Dag.
Berr' Storegut var Livet i.
Det var eit Sonar-Slag.

Men godt dei slo, og Morsten vann,
og Svensken rømde radt.
Eg endaa var ein heppen Mann,
at Storegut var att'.

Dei sagde han fyr tjuge slog
og staut og stakk og skar.
Dg fram ei stor Kanon' han drog,
daa Hestann' stotne var.

Daa Brødrann' fall, i Skum han svam,
so harm han skalv og stot,
og dreiv som Fe dei Rædde fram,
og so til Kniven tok.

Som Kyrkjekloffa ropar han:
„Hau, Gutar! dette høyr!
Den Guten, som er rette Mann,
han vinner elder døyr!“

Storegut paa Marknaden.

Til Marknads kjem Karen, som Styrken er i.
Han er den, som er stor, han er den som er fri.
Um han kjem utan Hest, utan Smør, utan Skinn,
han er den, som fær Hus, han er den, som kjem inn.

Til Marknads foor Storegut eingong eit Aar.
Det var endaa det Aaret, her var slikein Vaar:
Daa me rodde til Kyrkja um Tjugondag Sol;
og ved Sumarnætt Gauken i Viderna gol.

Han Numdølen Ramberg laut sinna seg ut;
for han Ramberg'en var slik ein makalaus Gut.
Han gjeff der, um stundom han tok seg ein Laar,
som Frikar paa Marknaden Aar etter Aar.

Han Heiddølen Flørann og Hallingen Flø,
og so Givind av Gikja, den Kjempa fraa Bø,
og Bøssingen Sigurd og Baldresen Svein,
deim tok han paa Marknaden Ein etter Ein.

Den Ramberg'en Kararne fyre seg tok,
og so skaut han paa Dksli og riste og stof,
og slengde i Dansen paa Golv elder Boll
med Foten og slo deim som Koglar ikoll.

Men daa han i Dansen fekk Storegut fatt,
ja daa fann han væl den, som so lett ikkje datt;
for daa han slaug til som paa annan ein Kar,
han svatt ned paa Golv et so lang, som han var.

Som Ratten han kunde paa Foten seg snu.
Som ein Eld spratt han upp og streik i: „Kven er du? —
Ver kven som du vil; men ein Frikar som eg
vil stødt vera Ven med ein Storkar som deg.“

Han lyfter sitt Glas og kvod i med eit Rop:
„Me dei store og sterke skal halda ihop.
Kvar god er fyr seg utan Nabry og Harm:
Ein sterk er i Ryggen, ein annan i Arm.

Nat dette han Storegut lo, der han stod;
for han sjølv var so sterk, at han attaat var god.
So drakk han med Ramberg'en hugheilt ein Dram.
So gjekk dei som Brøder paa Marknaden fram.

So foro dei fringom i Storleiken sin.
Der vardt stilt, som naar Ratten til Musi kjem inn.
Sin Fagnad dei singo som gjævaste Gjest.
Men Storegut, sagde dei Alle, var best.

Det syng fyr Storegut.

Han gjekk i Skogen Storegut
ein Dag upp under Breito=Nut,
og som han gjekk der upp og ned
og leitad etter Eynings=Tre,
med eit som naglad fast han stod:
for mot'n kom eit Gjente=Ljod,
som loffar Geit og Saud og Ru

mot Kvelden heim til Sæterbud
og bed ifraa seg Bjørn og Strubb;
og naar ho dette her song paa,
som Laarer kom i Mælet daa:

„Den Dag kjem aldri, at eg deg gløymmer;
for um eg søver, eg um deg drøymmer.
Um Nott og Dag er du lika nær,
og best eg ser deg, naar myrkt det er.

Du leikar fringum meg, der eg vankar.
Eg høyrer deg, naar mitt Hjarta bankar.
Du stødt meg fylgjer paa Ferdi mi,
som Skuggen gjeng etter Soli si.

Naar nokon kjem og i Klinta rykkjer,
d'er du, som kjem inn til meg, eg tykkjer:
Eg sprett fraa Stolen og vil meg te,
men snart eg sig atter ende ned.

Naar Binden lint uti Lauvet ruslar,
eg trur d'er du, som gjeng der og tuslar!
naar sumt der burte eg ser seg snu,
eg kvæff og trur, det maa vera du.

I kvar som gjeng og som rid og høyrer,
d'er du, eg ser; deg i alt eg høyrer:
i Song og Fløyte- og Fele-Laar,
men endaa best i min eigen Graar."

Storegut er med som Skattegravar.

Hed' ved Grungebru du voret
millom Fjell paa baada Sidor
og som Bond seet kvite Bekker
fysja gjennom grøna Lider?

Dg seet Sol og svarte Skuggen,
som paa Vatnet der seg huskar,
og som andra unga Gjentor
spegla seg dei Bjørkebuskar?

Der ein Skatt var sagd aa liggja,
Bond av Gull og mangein Ringen,
der paa denne sydre Sida
under Nuten der i Svingen.

Netupp der, som Straumen syger
aat seg heile Grunge-Batten,
der laag i ei klinkad Kista
denne store gamle Skatten.

Ikring Kista laag der Ormar,
bitande i sine Sporder,
so det var som ikring Tunna
Ring i Ring med alle Gjorder.

Under laag den største Ormen,
slik, at ingen saag hans Mafe.
Rundt ikring var Orm og Dblor,
og paa Loket sat ein Drake.

hvite Draug i svarte Notti
drog der Bolt og Bond og Hafar;
og fraa Ruds= til Kilarnuten
slaug med Gløs og Gneisting Drafar.

Lind fraa Lind dei soleids fjuka
hver Foss og Grunge-Batten
og so under Hagl av Gneistar
stundom dala ned mot Skatten.

Fram i Fossen og i Dsen
Fosssegrimen daa seg laugar,
og som Sky fyr Binden slaksa
fjellamillom hvite Draugar.

Ridande kjem Masgard=Reidi
fast paa Sky, som du paa Steinen:
fremst i Ferd er Rove=Guro
med sin Brudgom Sigurdsveinen.

Dottar detta ned som Fuglar
utav Skum, fyrr ned ho dalar;
so ei Stund der midt paa Notti
ned paa Skatten av ho sadlar.

Er ho reist, du der i Dalen
høyrer alt det fæle laata:
Kar og Kvende hovudlause
rundt ikringum Skatten graata.

Dei som røva, dei som myrda,
kringum der i Myrkret smjuga.

Der er alle vonde Mander;
dei som stela, dei som ljuga.

Dei som Tru og Lov kann svikja,
naar dei tru, det Gagn vil vera;
dei som kring lik Ratten snikja,
dei som alt fyr Pengar gjera.

Eg og Son min Storegut'en,
me som dette fæle visste,
me eingong oss sette fyre
upp aa grava denne Kiste.

Den, som framifraa seg kjenner,
etter nokot stort han verker.
Eg var Mann, som mangt ha' prøvat,
han var god og attaat sterker.

So me trudd' aa kunna ganga
gjennom Lufti, Vatnet, Elden.
So me grov, men fyrst det leitad
paa den tridje Torsdagskvelden.

Kvelden kom so svart som Ravnem,
og i alt det godt seg lagad;
og me grov den fyrste Farnem.
Men daa kann du tru det dagad!

Lora slo, og Fjellet riste,
Drakar gløste, Draugar glømde.
So med Sus kom Asgard-Reidi.
Men ho saag oss, og ho rømde.

Som utor ein Seff det druste
alt det verste, som eg minnest.
Det kom Stutar, Hestar, Griser
og det Styggaste, som finneft.

Og so kom det daa ein Krypling,
afande i Sengjarkarmen,
so ein Mann med Sfyrtta blodug
og sitt Hobud under Armen.

Upp i Fjellet, so det svarad,
Lusfar taut imillom Dvergom.
Gasten lo, og so han kneggad,
so det ljomad millom Bergom.

Lit til Kyrkja um oss kjørde.
Rundt ikring oss Ormar laago.
Men me grovo, spadde, stjørde,
som me inkje høyrd' ell' saago.

Wil du etter Skattar grava,
maa du tru og aldri tvila,
inkje furta, inkje fæla,
inkje graata, inkje smila.

Men som der eg grov og manad,
so me eitt eg Sansen miste,
nettupp daa eg høyrde Klengen
av min Staur mot Skattens Riste.

„Jøsu Navn!“ eg Syndar sagde,
og med Fingren slog eg Krossen.
So med Git strapp Rista undan
ramlande i gule Fossfen.

Storegut paa Tinget.

So var det paa Tinget paa Dalen den Haust,
daa her var den fælände Flaumen,
at so det bar atter med Storegut laust,
som Folen du slepper or Taumen:
Han kimsar med Hovud og traavar so haust.

De vita, at Knoda paa Bistad er tung.
Det Grijetet, det er av det tunge.
Det gjelder fyr meir, en ha' Pengar i Pung,
aa lysta den Stein fyr dei Unge.
Eg lyst'a til Knes, daa eg enno var ung.

Men Storegut tok 'a, som ingenting var,
og lyst'a der uppaa den Krakken;
so tok han, den Kulten, og gjekk han og bar
'a burt paa den næraste Balken.
Det kvakk i dei Alle fyr slikein ein Kar.

So kom dei paa Tinget. Der, vita de, er
dei beste av Bygdanna Karar.
Han manar deim ut, og han Hallingen slær.

Men ingen der finnst, som der svarar.
Kvar Mannen veit med seg, at Juling han fær.

Men rett som det var, so streik i der ein Mann:
„Kvi fara med slitt som me fæla!
Lat alt vera Fred, og kom hit med eit Band,
so me kann vaar Førleik faa mæla.
Den best bygde Mannen er sterkaste, han.“

Dei mælte, som Straddaren mæler sin Mann
til Klypning av Rusta og Brøker.
Han tøygjer og mæler, og Maalet, han fann,
verd teiknat med Tal ned i Bøker.
Den Straddaren best kjenner Mannen sin, han.

Det fannst ingen Mannen som Storegut stor.
Paa Bringa og Armar og Leggjer
var Knuten paa Knut, som paa Fura det gror,
og Nevar so tunge som Sleggjor.
D'er Synd at slik Styrke skal rotna til Jord!

Storegut er med til Røldalsmesse.

I Kyrkja til Røldal eit Bilæt hekk
so mangein Sæling til Frelse;
for Sjuke og Saare til detta gjekk
og svingo atter si Helse.
Dg funnet det var paa Felse.

Det Bilætet, det var ein Undramann;
for helst so ved Fonsøttider
det var so, at Sveitten silad og rann
ifraa det paa alla Sidor.
Det er som fyr ofs det lider.

Fekk Nokon av Sveitten den minste Dagg
var Sjukdomen yverbunnen;
um sjuk elder halt elder saar av Hogg,
han var som til Livet funnen
med Lovord i sæle Munnen.

Hardt Saaringen læft, med Kniven so kvass
han Bindet sprette og sprengde.
I Kyrkja laag hundrade Hestelass
med Krykkjor, som burt var slengde,
og ingen Haltmenn trengde.

Kvar strævad so godt som han kunde best;
for Ingen vil Boti gleppa.
So samlast dei der ifraa Aust og Vest,
og trengjast um inn aa sleppa.
Den Tunna er traad aa teppa.

Kvart Bygdarlag hev' som sitt Folkastlag
og trur seg i Alt det beste,
det hermer og gjev sine Makkadrag
og lastar Grannen det meste.
So gjera dei allerfleste.

Her austfraa var Storegut med ein Gong
til Kyrkjevegen aa rydja;

for um han var aldri so stengd og trong,
dei kunde paa honom byggja
og mot den Kulten seg stydja.

Han rubde deim Wegen, og inn dei foor,
og Bilætet kring dei hingo,
og Alle kom fram med sit Bønarord,
og Halsa dei atter fingo
og heim atter friste gingo.

Dg daa dei so kom fram i Dyrestad,
dei song under store Urdenn';
og Storeguts Mæle det største var,
so klaart som den beste Ludren
og djupt liksom Fosfeduren:

Dg det, som der vardt sunget millom deim,
det var den gamle Song um

Jøtunheim.

Me standa her som paa eit storknat Hav;
som Lakan Snjoen ligg paa denne Grav.
Dei Toreslag, sam rulla Nord og Sud,
er Kyrkjefloffa lenger upp mot Gud.

Dei bratte Mutar av den svarte Stein
er liksom Knokar etter Rjempebein.
Kvar Nut og Rubb med millom Skard i Skard
er Kross i Kross paa denne Kyrkjegard.

Den Egg, den Lind, den Pigg, den Klo, den Kniv,
d'er Skip og Baatar, som fyr Vinden driv;
med sine kvite Segl dei sigla paa
og dansa fring og duva i det Blaa.

Den Lind som unge Kona er aa sjaa;
ho siter der med kvite Raapa paa;
det graae Flor slær Krull fyr vesle Vind.
Nei sjaa, nei sjaa paa denne Glittretind!

Dei Flug og Stup i denne blaae Gim
med svarte Portar inn til Jotunheim,
dei klumsa deg, du stend som gjord til Stein
med Rys og Risling gjennom Merg og Bein.

Den Fosjen, bunden der og storknab stiv,
er grøne Bræ, som dreper Alt med Liv;
den strøymer gjennom desse ville Glup
og fell med Skaf og Brak i svarte Djup.

Dei svarte Ringar yver Fjell og Fly,
som jaga paa, det Skuggar er av Sky.
Dei koma fram og kverva sama Stund,
og sigla fring paa denne Solstinsgrunn.

Na nei for Fjell med Stup og Kverve=Staup,
og kvita Stripor etter Skridulaup!
Der sitja dei med Skoddehatten paa
og kvita Render uti Raapa blaa.

Som kvelode store Skip paa flumsprengt Hav
med Folk, som krabba upp og skylast av,

so driwa Knatt i Knatt paa Hø paa Hø
i Bylgjedrag paa denne storknab Sjø.

I Solarglittret fraa den kvite Snjo
sting her og der seg fram ei Orneklo,
og Linden spanar seg som til eit Sprang
aat Fjorden ned i Dalens grøne Fang.

Der burte der i all den Snjo og Rav
flyt Ryggjer upp fraa grøne Føkulhav:
dei symja yver Brot og Dal paa Dal,
som svarte Rygg med Uggen paa ein Kval.

Fraa Stig upetter Stig og Tram fraa Tram
i Krok seg bøygja svarte Nasar fram,
og alt imillom sting der upp ein Bolt
med kvite Huva paa sin runde Skolt.

So sting det her og der seg upp ei Hond
med kvite Saumar liksom Fingerbond;
og so med Bond og innsprengt kvite Korn
der stend paa Solen liksom Drykkjehorn.

Dei Skoddestripor stjera Lindar av,
so Toppen flyt som Dy paa graaleitt Hav
og so mot Himlens Blaa seg ringar fram.
Det er som svarte Fugl i Lufti svam.

Den svarte Tind med Nebben sin i Bugt
er Falken lik, som voggar seg til Flugt;
i Bringen kvite Flekk er spettad inn;
og disyr verb han kallad Falkatind.

Den heile Fuglehopen dalar av
og duvar som i Sjøen seg i Rav
og gjeng som Maaken ned med Byks og Baks
og slær med Bengjom sine sidste Flaks.

Mot Himlesyni gjennom Dalaslut
heng Kyrkjeklokker hver Altarduk.
Der Kyrkfor er med Port og Spir og Strub
og Mønetak imillom Gil og Djuv.

Den lange Stripa ned i blaae Tim
er djupe Dalen med sin Mannenheim;
han er som smale Sprekk i Husavegg
og Hogg i Fjellet etter Oksar-Egg.

Det kjære Liv i Alting er aa sjaa:
det slær seg ned, so snart det finnst eit Straa.
Dg jambæl her inn med den kalde Snjo
stend Blomen med sin Livsens Glans og Glod.

Dei Toppar der av Is og Steinen stiv,
dei risa upp og lysta seg til Liv.
Sjaa Lindarne med all si Tomfrusform,
som liksom taka Himilen med Storm!

Gunnstein Grytebekk.

Den Grytebekken var ein Mann,
som fram i Livet langt seg farad;
for Liken sin han aldri fann
til Skillingen aa snu og spara.

Han kunde godt seg snu og te
og utor Knipa lett seg smetta.
Han handlad Saud og sidan Fe,
og tente altid litet-vetta.

Som Mus i Matbur kring han smaug,
og fint seg smøygde fram og snudde;
og inkje meir den Skalken laug,
en nettupp so dei honom trudde.

Dg naar so Pungen full han fekk,
det inkje altid var fyr Dygdi.
Han kaupte Garden Grytebekk,
og sat som Bilsen der i Bygdi.

Dg daa han var ein Kasse sliik,
han og ei Kjempa vilde vera;
for den, som fyrst hev' gjort seg rik,
han trur, han alting lett kann gjera.

Gingong paa Storegut han tok
so smaatt og liksom fram seg kjende;
men Storegut i honom stot,
so aldri meir han der seg brende.

I Grytebekken som ein Tagg
det stakk seg inn, at slitt han tapad.
Til Storegut han fekk ein Agg,
men endaa lika blid seg skapad.

Dg altid lenger inn og inn
han stakk og stakk seg denne Taggen.
Dg i det hevnefuse Sinn
han aat ikring seg denne Aggen.

Naar du i Stein ein Sprekk fær sjaa,
han aukar Ar fyr Ar, den Sprekken;
for Frost og Vatten sprengja paa.
Dg slitt det var med Grytebekken.

Med desse Ord han dreiv ein Bløyg,
han Storegut, i denne Sprekken:
„Som Bundingsband han gjever Løyg
i Erlegdom, den Grytebekken.“

Dg Bløygen dreiv han reint i Rav,
daa attaat detta Slengeordet
han skildrad Grytebekken av
med Kol eingong paa Eldhusbordet.

Du saag'n der i Svart paa Kvitt
med Osteklyv paa Merr med Folen.
Dg det var verst, det var 'kje fritt,
at Osten var paa Støjlen stolen.

Den Skildring vardt eit Bygdarord;
for snart det likso fort som Posten

ikring paa Mannatunga foor:
„Sjaa Grytebeffen der med Osten!“

Men det var Grytebeffens Lag
paa Bigti vondt mot vondt aa vega.
Han sa': „det kjem væl snart den Dag,
daa Storegut paa det skal trega.

Han trur, han er den beste han,
og Liken sin kann aldri finna.
Han harmat hev' so mang ein Mann
ved uti Dragsmaal stødt aa vinna.

Den Mann, som størst vil vera, han
i Livet venta maa det verste;
for Ingen er so leid ein Mann,
som den, som vera vil den beste.“

Storegut fell i Giftetankar.

„I Livet hev' det so som so meg gjenget;
med alt det Lov eg stridde fyr og vann,
eg svio og drio og verb ein aldrug Mann,
og enno hev' eg ingi Rona fenget.

Mot Giftarmaalet Alle fram seg stava.
Det kann væl henda, det er stundom leidt,
og at det dryp 'kje av det myket Feitt;
men det er nokot alle Mann vil hava.

Men liti Gleda vift fyr meg vardt vunnen:
Eg høyrd' eit Ord av Presten*), godt som Korn:
„Dei største Menn hev' alltid minste Born;
for Ettartraaden ut med deim er spunnen.

Dg Livet godt sin Lagnad ut kann stifta;
so kvar ein fær det, han i Grunnen vil:
Den Mann, som infje større duger til,
han duger do til dess, han kann seg gifta.

D'er slike Folk, som skal i Mudret kava;
for der til Grunns gjeng infje store Mand,
men det er nettup denne Trælehond,
som skapt er berre til i Mold aa grava.

Dg godt det er, at slike Folk me hava,
som sinna Livsens Maal i Gods og Gull,
og mettaft ei, fyrr Munn av Mold verd full,
og Bork av Livsens Tre med Tenner stava.“

Men, lær det friske Lauv den vise Veksa:
„stans Bofstren din, du berre visnar burt
og fell til Jorði skruknat, svart og turrt!“
Sjaa, um fyr det det sluttar med aa veksa?

Eg elskar alt, og høyrer Folk aa herma,
at kvar ei fager Gjenta er meg kjær,

*) Denne Presten, som han heve desse Ord og Vers ifraa, maa hava voret gamle Storm i Risfedal, som var ein lærd og klof Mann, men ein Sveinkall og ein rein Haring.

og at eg Stakar liksom Soli er,
som hver Alle lysa vil og verma.

Eg ser det greidt: den, som seg sjølv vil mata,
han alting aat seg sjølv skal kara blindt,
og for a ut fyr seg ei Gjenta svint,
og elska hena og dei Andre hata.

Av Grytebeffens Dotter stend der Agen,
og ho eg veit det var, som her eingong
so leikande fyr meg i Skogen song.
Med Ljos og Liv og Song ho kjem som Dagen.

Eg syndar vift, men endaa kann 'kje dylja,
at ho er Dotter til den vonde Mann,
som inkje Godt ifraa der koma kann,
so Bondt det vil i Livet hena fylgja.

Den rike Nabo-Gjenta kann du velja,
og etter hena spring det mangein Kar.
Ut fraa deg alt, um so deg sjølv det var!
men Elfen din, den kann du aldri selja.

Bed Kyrkja Malandsgjenta fint kann blenkja.
Det kjem ein Gufs; men so eg, Fanten, veit,
at ho som eg knapt eig ei starve Geit.
Det er for seint: eg byrjar alt aa tenkja."

Storegut er bukjør.

Han Storegut ingenting drog seg fraa;
i Elst han til Alt var bunden,
baad' Folk og Fe, baade store og smaa,
ja endaa Ratten og Hunden.
Det Hjarta, som elsker, fyr alt maa slaa.

Han vassen var upp baad' med Saud og Geit
og Bukken med Skjegget lange.
Han saag det, at Bølingen myket veit
og gjeng der med Tankar mange;
sjølv Grisen er klok, um han enn er feit.

I Fe som i Folk er eit Hjartalag;
dei kunna i Elst seg gilba.
Du ser, at dei hava eit Mannabrag
og graata, so Taarer trilla.
I alt, som hev' Liv, er det sama Slag.

Som Smaagut han gjætte; daa lærde han
med Bølingen stødt aa spraaka.
Dg altid det sama so gjorde han,
naar sidan eit Naut han raakad.
Med alting han talar den gode Mann.

Dg Byrtnad han lærde av velverd Ru,
av Hesten han lærde sansa,
av Lambet han lærde seg lett aa snu,
av Bukken aa hallingdansa.
Sjaa Livet ifring deg, so dansar du!

Dg raakad det tti, han ein Mann fekk sjaa,
som Hesten sin slog og plagad,
so kunde han Hesten spretta ifraa,
og Lasset i Kneiken draga.
Den Beike skal Hjelp av den Sterke faa.

Dg gjætt' han um Baaren, naar Snjoen gauv,
og Bølingen solten stunde,
so braut han av Raunen det vesle Lauv
til Rui, som stod og drunde.
Mot Bøn av den Soltne ver aldri dauv!

Dg glad var hans Bøling i Guten sin,
og rundt seg fring honom fransad,
og kyste hans Hender og Blomefinn
og upp etter honom dansad.
Det Hjarta, som elskar, kvar Skapnad finn.

Han livnad vardt upp kvar ein einast Baar,
naar Rid han seg saag aa fjæta.
Dei Sumrar han gjekk liksom sjuk og saar,
naar intje han Fe fekk gjæta.
I Bordsdalen gjætt' han det siste Aar.

Storegut verd vitjad av Huldra elder Kove-Guro.

Han Storegut laag seg i Bordsdals-Bud,
og einsam han sat ved Elden;
so kom der ei Gjenta som beste Brud

til honom der seint um Kvelden.
Det hender somangt i Berdi.

Han tenkte, at Livet i einsam Strid
fyr Mannen er tungt aa bera.
Han sat og han tenkte, um all si Tid
ein Sveinkall han skulde vera.

So fager ho var, at du Bondt kund' faa,
og sint ho seg snur og lagar.
Det var so du aldri slift Syn stu' sjaa
i all' dine Levedagar.

Ho blidt baud Godkveld og i Ane ho neig,
og sa', han ei turvte fæle.
Men endaa mest ned han av Krakken seig
og miste baad' Munn og Mæle.

Ho stansad og djupt etter Anden saup,
og Blomen paa Kinn seg tende.
Det var so der Elst utor Augom draup,
og heite som Glod dei brende.

Ho smeikte seg inn med eit Mæle mjukt,
og lett ho leikad og dansad.
Dg Storegut kjende sit Hjarta sjukt,
og kunde 'kje lenger sansa.

So reidde ho Sengi og sagde daa:
„Du ligg her paa Lafan grove.“
Men rett som ho snudde seg, fekk han sjaa,
ho etter seg drog ei Rove.

„So Rove-Guro, d'er du ditt Slarv,
som smøygde deg inn som Ratten.“
Dg som han det sagde, so burt ho kvaro,
som løynd under Huldrehatten.
Dg Storegut sat og drøymde.

Storegut gjeng med Otte.

Hjer einsam eg gjæter i Hugen heit
og maa paa so mangt meg minna:
Um eg skulde døy, det Ingen veit,
kvar atter dei skal meg sinna,
og fram til Kyrkja meg vinna.

Det loftar og dreg, so eg knapt meg tem:
Eg høyrer som nokot laata.
Eg veit ikkje, kvat det er paa meg kjem.
Det er so eg mest maa graata
og kan ikkje sjølv meg maata.

Kvar einaste Striden eg stridd' og stod,
til Siger eg snudd' og vende.
Men no er som burte baad' Magt og Mod,
so Maken meg fyrr ei hende.
Nei aldri til slift eg kjende.

Kvar Stytta mi er som eg Staven skjøy
av mørkne Bed skulde skjera.
Det tyngjer og tyngjer, fyrr Mannen døyr:

han kann ikkje Byrði bera.
Det er væl, eg feig maa vera.

Det hende meg ofta, eg sat i Sut
med storknat Mæle i Munnen,
og ofta det var, at eg vilde ut,
men Begen vardt aldri funnen,
og alltid eg stod som bunden.

Som Barnet mot Fanget til Mor kann traæ,
so fraa meg eg vilde springa.
Men aldri som detta det trengde paa;
og aldri det slikt meg tvingad.
Det ligg som ein Stein fyr Bringa.

Her hev' eg ikringum meg Foss og Fjell
og heile min Bøling trugen,
men endaa det svider som Glod og Eld:
Det er 'kje den rette Dugen
og kann ikkje metta Hugen.

Na nøgjaft med Fjell og med Gras og Tre
er berre i Mold aa grava,
og sjølv med det suilde og floke Fe
me fullt oss ei fram kann stava.
Me Mannatanken maa hava.

Men arm er Tanken hjaæ Kvinna og Mann;
for Alle i Synd er sakad.
Me lengta so saart etter Gud, som kann
i Livet hver oss vaka,
og sidst oss i Fanget taka.

Grøtebekken er nte og skjter.

Han Grøtebekken slengde burt
ein Dag sin kvasse Ljaa
og gjekk og sveiv, som nokot vondt
han skulde tenkja paa.

„Med Slaatten“, sa' han, „gjeng det smaatt:
Eg hev' eit Hjarta=Mein;
eg lyt til Fjells til lette Luft
og skjota meg ein Rein.

No hev' det lenge voret Regn,
so Reinen dreg mot Sud.
Eg raakar visst ein Dyrhop
alt nord med Flotubud.“

So stelte han med Rista si
den Dagen heilt til Kvelds.
Han litet sov og andre Dag
han tidleg strauk til Fjells.

Han kom til Boddals næste Dag
so yver Middagstid
og under Fjellet fram seg drog
derupp i bratte Lid.

So sveiv han under Nuten der
som yver Kjupa Hauk.
Dg Storegut paa Legret var;
for der fraa Budi rauf.

Dg Bølingen ved Legret gjekk
ifringum der og dreiv
og tidleg inn paa Bøen kom
og fringum Budi sveiv.

So saag han etter, Storegut,
um heilt han hadde alt;
so mjøkkad han til Kvelbs og so
han Bølingen gav Salt.

Dg so god Nott med deim han tok
og um ibland deim foor;
til kvar han hadde Smeik og Klapp
og so eit kjærlegt Ord.

Men rett som Bølingen der gjekk
og sveiv og stod og laag,
so fekk med eitt dei som ein Kvekk
og upp mot Nuten saag.

Paa Ryggen Bukken reiste Kagg,
som var det verst han fraus;
og Hest og Ku med Foten grov
og snyftad paa og naus.

„Tru Bjørnen ute er i Kveld?“
sa' med seg Storegut;
so strauk han beint i Budi inn
og kom med Riksa ut.

So gjekk han etter Bøen upp,
og Feet fylgde paa.
Han saag og saag, men Ingenting
der uppe var aa sjaa.

Han saag det, tidt paa Fjell han saag,
som spaar ein Morgon god:
han saag den raude Kveldsol gleim
og gløste med sin Glod.

So kom han til den store Urd,
som ligg der som ein Tramm.
Der stansar Bølingen og kann
ei lenger koma fram.

Men „Blaamann“ med sitt lange Skjegg
og Klauv paa spræke Bein
han fylgde med sin Gjeitarlegg
i Hopp fraa Stein til Stein.

So bar det upp mot Boddals-Nut
i denne Kveldens Fred.
Med eitt det smalt, og Storegut
i Urdi stupad ned.

Dg Bølingen han beljar i,
der nedansyr' han stod:
han høyrde Smell og Røyken saag
og kjende Gim av Blod.

Han slapp 'kje upp, so Mordets Mann
fekk Tid og Stund og Fred,
til Storegut aa mura væl
der kav i Urdi ned.

Han kvart eit Liv, som kom der upp,
av Wegen rydja laut:
Han ladde Nisla si paany
og likeins Blaamann skaut.

Den heile Nott stod Bølingen
og ventad Storegut,
og daa han so 'kje kom, dei tok
ved Solar=Roma ut.

Dei kom so sveitt, at fring deim stod
der tjukke Toku=Gim,
so kom dei fram mot Middagstid
til Havradalen heim.

Det fyrste dei fekk Folk aa sjaa,
dei Hovud rist' og stot;
og bar med Bur og Beljing paa,
som ingen Ende tok.

Dg daa so Folk fekk detta sjaa,
som var eit Under stort,

So bar dei til aa styna paa,
at nokot Bondt var gjort.

Til Bordsdals Bølingen vardt fylgd.
Han upp mot Urdi saag
og merkte ut, at det var der,
som Storegut'en laag.

Men Ingenting der funnet vardt,
med alt det leitat var. —
So kom den Uferds-Bod til meg,
som var hans gamle Far.

Det fyrste, som eg kom til meg
fraa slift eit Svimeslag,
so saag eg alt, so tenkte eg
paa Rettens store Dag.

Eg Grytebeffen visste væl,
var Son mins Banamann,
og at det ingen annan var
en nettupp, nettupp han.

Eg kjende deira gamle Strid
og visst' han var ein Hein,
og spurde, han paa sama Tid
ha' gjenget etter Rein.

Eg gav 'kje denne Udaadsmann
den minste No ell' Rist.
Der Halvor var, som hjaa ein Mann,
som Son sin heve mist.

Den heile Bygd eg foor ikring,
og med meg fekk eg Folk.
Til Fjells me Grytebeffen dreiv
framsyre oss med Svolf.

Daa Bølingen fekk honom sjaa,
der Halvor vardt i Lag;
han burad og han beljad paa,
som det var Domedag.

Fyr oss aa varna um hans Liv,
det reint me saafengt saag.
Han maatte røma til den Urd,
der Storegut'en laag.

Men Ingenting um Storegut
fortel den Syndis Mann;
med Ingenting han vilde ut,
og Ingenting me fann.

Dg ingen Rett der var aa saa;
for so var Retten fest,
at altid den fekk største Rett,
som kunde muta mest.

Si Tid han livde som eit Brak,
og mangein Gong vardt dengd.
Men, Huset stend forutan Tak,
naar Retten han er stengd.

Men, daa han skulde anda ut,
og bøygja sine Bein,

han sa': „no ligg han Storegut
paa Bringa mi som Stein.“

Me etter Rett og Rettferd sjaa;
me leita Nord og Sud;
og sviftar Mann, tilslutt so faa
me Retten vaar av Gud.

Storegut verd atterfunnen.

Um nokre Aar der und' ein Stein
der fann dei Storegut'ens Bein.
Der uppe i den store Urd
der laag dei innansyr' ein Mur,
som Lif paa Straa i Heimebur,
væl skavne av, men utan Mein.

Eg maatte, um eg gamall var,
deim henta eg, som var hans Far.
Eg maatte slita tyngste Mun
og faa mi sidste Livsens Bon,
dei Beini av min store Son,
til kristnad Jord i Kyrtjegard.

Eg syntest siga ned i Jord,
fyr Augom svarte Skuggar foor,
der yver Fjellet, som eg gjekk
med Son mins Bein paa Rygg i Sekk.
Dg sumt, eg tenkte daa, eg fekk
fett ut i Song med desse Ord:

Eg stend som paa Roti eit turkat Tre,
naar det er kvistat og kartat;
so flekkjer det Borken og rotnar ned
og ligg der soppat og svartat;
so gjeng det i Mold som ein mørken Bed.

Sa dei, som eg elskad, dei døydde av,
den eine etter den annan.
Han Gleda tok atter, som Gleda gav.
Men undarlegt er fyr Mannen
aa ganga som eg paa si eigi Grav.

Fyr sonalaus Mann er einsamt og audt,
der vonlaus han gjeng og veiknar.
Alt ligg her ifringum meg svart og snaudt.
Fyr blifrande Blod eg bleiknar.
Eg føler eit Liv, som fyr meg er daudt.

Dg Soli er kald og Maanen er varm.
— Dei Straalarne ei meg høva —
Framsyre meg ser eg min Lifferdskarm,
og gamle Minne meg kjøva,
og Staven ei styrkjer min gamle Arm.

I minste Straaet eg snaavar ikoll,
so valne er Føterne mine.
Dg Tanken flyt burt som Batten i Sold,
den eine og alle hine.
Dg Maten i Munnen verd som til Mold.

So her eg paa Son min med Skjels i Ane
og dimmande Nuga taarutt.
So firar i Gravi eg Beini ned,
og leser so Fadervaaret.
So hjem eg snart etter i Herrens Fred.

Gaml' Olav paa Legd.

Paa Legd eg ligg. So dit det bar!
Eg miste Born, eg miste Gard.
Med alt gjekk ut.
Eg miste alt, som kjærte meg var,
ja Storegut.

Men, Hausten betre er en Vaar.
I mine siste Liveaar
no finn eg No.
Dg Gud stje Lov, at alle Saar
dei atter gro.

Dei fleste Folk eg snilde fann.
Dg enno ynstjer ingen Mann,
at eg skal døy:
Eg Bisfor kvod og gleda kann
baad' Mann og Møy.

Mot Lygn og List eg altid stod.
Med all mi Synd det gjev meg Mod
og trøystar mest.

Fyr Mannen det aa vera god
til Slutt er best.

Fyr alle mine tunge Slag
eg hadde fulle Bederlag,
naar Alt kjem inn;
verd alt gjort upp til sidste Dag,
eg endaa vinn.

Daa Storegut til Jord eg bar,
var detta fyr den gamle Far
vel helder kaldt.
Men Minnet mitt um det, han var,
det sonar alt.

Eg enno ser hans Andlitsdrag.
At størst han gjeff i alle Lag,
er stødt meg nær.
Eg drøymmer um'n Nott og Dag:
mitt Liv det er.

Det Mannen ynstjer mest eg vann,
at etter seg eit Minne han
i Livet fær.

Det einaste eg gjera kann,
det syngja er.

Eg ser og syng, um eg verd blind,
um Grønelid og Glittretind
og Borbdals=Nut.

Eg syng til dess eg sovnar inn
og andar ut.

Eg syng fyr Folk i Haug og Horg,
at Gut fyr Gjenta gjeff i Borg
og fridd'a ut.

Eg syng fyr deim um Elst og Sorg
og Storegut.

Det vermer meg, um eg er graa,
naar eg fyr Songen min kann faa
ein Gledarlaat.

Men ingenting slikt biter paa
som Gjentegraat.

Mot Tungsinn altid Gjenta traar.
Ein Song um Sorg og Hjartasaar
ho likar best.

Lil Graaten tek ho altid, naar
ho elskar mest.

Det Bakken upp fyr Alle ber,
og Begen er fyr Alle her
so smal og trong.

I Livet er slikt Sorg, at der
er nog fyr Song.



Endingar av eit og annat, som maatte vera mindre kjent utanfyre Telamork.

Ma, paa. Abry, ogso ein Abryskap, Jaloufi; aa aabry Ein, vera aabryen, jalour. Ein Agg, nokot som stendugt sting og eggjar. Andlit, Afsyn; tytt: Antlik. Armob, Banmegd, Beikleifje.

Ein Bard, Kant, Trom. Ei Buna, eit holt Bein. „Bein og Bunor,“ faste og hule Bein. Baust, sterkt.

Elt, jagad, av elta; „svelt og elt.“ Eiger, Præs. av eiga, ogso det sama som skilda.

Flo, Lag. Fly, Fjellslett. Fosjegrimen, ei Mand som liver i Fossen og lærer Folk aa spila. Finne, Alende upp til Fjells. Ein Fagnad, Ros, Godlaat. Eit Flug eller Fljug, ein bratt Fjellvegg.

Gufs, sterk Pust. Gaus, Skum. Glømde, av gløma, (glyma) sjaa myrk og trugande ut. Gasten, ein Fabel-Fugl, ogso Djevelen. Gilda seg, gjera seg gild og gjæv, gjera seg til av nokot.

Heimen, Verdi. Hause, ein rund Bergknoll. Hø, ei Høgd. Høva, raama.

Ibra, twila, evast.

Kvarv, av kverva, snu seg, koma burt. Kjøva, taka Bedret fraa. Ei Knoda, Deigklump, ein Stein som ser slitt ut. Klumsa, hefta fast. Kav, i kav, heilt nedunder. Kartat, avhogget Kvisteknutarne. Kverve-Staup, ei rund Spøk i Fjellet, som eit Amfiteater.

Ei Lenta, Spøk; ein Lentekrok, Humorist.

Musla, fara smaatt fram, ein Musling. Mjødnera, av Mjød, Hofta. Muta, byggja Retten med Løyndar-Gaavor.

Ein Otte, Andhugje, Ihug, Illhug, løynleg Fæla, av otta.

— Det Motfette er Bon.

Ein Rys, Skubbring, Grysjing.

Soso, soleids, so. Git Saup, Rinnemjølk. Ein Sæ, Sjo. Skrub, Kyrkjeskruv, Baapenhus.

Turvte, Impf. av turva, trengja um. Teva, pusta, anda. Tvegne, vadskade, av twaa. Traa, lengjast mykjet.

Urda, grava ned i Urbi.

Børe, Conjunctiv av vera, vilde vera. Baa, Baade, Uluksa. Bælverd, verd det som væl er, sjølvgod. Barna, verja. Bitja, gjefta.

Love for det norske Samlag.

§ 1.

Samlagets Formaal er at fremme Udgivelse af Bøger paa Norsk, enten Landsmaal eller Bygdemaal. Af den af ethvert Medlem erlagte Kontingent 60 ¤ aarlig dannes til dette Viemed et Fond. De Medlemmer, der betale en aarlig Kontingent af 1 Spd. eller 15 Spd. kontant, erholde alle paa Selskabets Forlag udgivne Skrifter.

§ 2.

Der vælges en Formand og to Bestyrere. Bestyrelsen danner tilligemed 4 Medlemmer en Komite til Bedømmelse af de Skrifter, der skulle udgives. — Bestyrelsen vælger selv en Regnskabsfører.

§ 3.

Der afholdes aarlig en Generalforsamling. Paa denne foretages Valg af Medlemmer til Bestyrelsen og Bedømmelses-Komiteen, samt af 2 Revisorer, ligesom Bestyrelsen forelægger Regnskaberne og afgiver Indberetning. Naar Bestyrelsen finder det fornødent, kan Møde ogsaa ellers sammekaldes.

Medlemmer af Bedømmelses-Komiteen ere: Ivar Nafsen, Kand. theol. H. Ross, Igl. Fuldmægtig E. Nielsen samt Skolelærer Olav Røst.

Formand: Kand. jur. H. E. Berner.

Bestyrere: Student E. Nilfen og Kand. theol. Blix.

Revisorer: Cand. jur. J. E. Krogh og Kand. filosof. E. Berner.

Samlagets Kasserer er Stud. med. R. Hanssen. Universitetsgaden No. 14.

Samlagets Medlemmer, der betale 1 Spd. aarlig, have i Aar faaet følgende Skrifter:

- 1) Sognir fraa Hallingdal af kgl. Fuldmægtig J. E. Nielsen (6½ Ark 8vo.)
- 2) Ei liti Færd fraa Sogndal til Fjerland av Henrik Krohn (7 Ark 8vo.)
- 3) Lauvdustar I & II (7 Ark 8vo.)

Derhos ville de nu erholde Storegut tilsendt ligesom de øvrige Skrifter.

Bed Henvendelse til Samlagets Kasserer kan fremdeles faaes: 15 Expl. af Lauvdustar for 1 Spd., 5 Expl. af Sognir fraa Hallingdal for 60 β , samt 100 Expl. af forskjellige udvalgte Viser (hvert Viseark udgjørende 4 Sider og indeholdende i Regelen flere Viser) for 24 β .

Ligeledes kunne Samlagets Medlemmer hos Kassereren ordinere 10 Expl. af „Storegut“ for 1 Spd. og 1 Expl. for 18 β . Disse Priser gjelde dog kun til Udgangen af November Maaned, da Prisen vil blive forhøiet.

Boghandlere og Andre kunne inden samme Tid erholde „Storegut“ til de samme Priser gjennem Boghandler Alb. Sammermeyer.

I Samlagets Anliggender kan man ogsaa henvende sig til dets Kommissionærer, der anmodes om godhedsfuldt at bringe denne sin Stilling til almindelig Kundskab, hver i sin Kreds. — Da Samlaget endnu mangler Kommissionærer i flere Byer og Bygdelaag, tør man anmode de Medlemmer paa disse Steder, der maatte interessere sig for Samlagets Virksomhed, om i ubetalte Breve at underrette Samlagets Kasserer om, hvorvidt de indtil videre ville være villige til at yde Samlaget sin Bistand med Modtagelse af Indmeldelser, Uddeling af Skrifterne m. m. — Naar Samlaget, som antagelig snart vil kunne ske, i de vigtigere Byer og Bygdelaag har erhvervet faste Kommissionærer, vil disses Navn og Bosted blive bekjendtgjort.

